

Møteprotokoll

KIKS - Styret

Møtestad: Tyholmen hotel, Arendal

Dato: 27.11.2015

Tid: 10:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gro Anita Mykjåland	Leder	
Terje Damman	Nestleder	
Arne Austenå	Medlem	
Mari Mykland	Medlem	
Torunn Ostad	Medlem	
Torhild Brandsdal	Medlem	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Thore Westermoen		

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Arne Tronsen	Dagleg leiar
Anne Liv Lidtveit	Juridisk rådgjevar
Glenn Qvam Håkonsen	Rådgjevar med ansvar for krafthandel

Andre som møtte:

Namn	Funksjon
Bent Sørensen	Controller
Reidar Saga	Representantskapsleiar

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste godkjent.

Arendal, 27.11.15

Anne Liv Lidtveit
Utvalssekretær

Godkjenning av møteprotokoll.

Saksnr	Innhold
PS 71/15	Godkjenning av møteprotokoll
PS 72/15	Referatsaker
PS 73/15	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 74/15	Risikostrategi
PS 75/15	Status strategiplan
PS 76/15	Drøftingssaker
DR 5/15	Styre sine røynsler med strategiplanen
PS 77/15	Orienteringar Orienteringssaker
OS 9/15	Orientering status Agder Energi Vannkraft AS
OS 10/15	Status og framdrift november 2015-orientering styret
OS 11/15	Lokalt lønnsoppgjer 2015
PS 78/15	Økonomiplan 2016-2019-Budsjett 2016
PS 79/15	Forbruk til alminneleg forsyning-ending av praksis og verknadstidspunkt
PS 80/15	Ending i møtegodtgjeringar for styret og representanskap
PS 81/15	Konkurransgrunnlag ved innkjøp av revisortenester
PS 82/15	Ending av arbeidsavtale – ikkje offentleg

PS 71/15 Godkjenning av møteprotokoll

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 27.11.2015

Handsaming:

Møteprotokoll frå møtet 9.10.2015 godkjent og signert.

PS 72/15 Referatsaker

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 27.11.2015

Handsaming:

Ingen referatsaker.

PS 73/15 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 27.11.2015

Handsaming:

Rådgjevar med ansvar for krafthandel, Glenn Qvam Håkonsen, orienterte.

PS 74/15 Risikostrategi

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 27.11.2015

Handsaming:

Ingen saker.

PS 75/15 Status strategiplan

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 27.11.2015

Handsaming:

Sjå drøftingssak 5/15.

PS 76/15 Drøftingssaker

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 27.11.2015

Handsaming:

Rådgjevar med ansvar for krafthandel, Glenn Qvam Håkonsen orienterte om undervisningsopplegget i skulane, og vidare eventiuelt samarbeid med Ungt entreprenørskap og Agder Energi.

Styreleiar orienterte om arbeidet som er gjort, og vidare arbeid med strategiplanen.

- Representantskapet får ein presentasjon på møtet 11.12.15 om strategiplanen.
- Det sittande styret blir invitert til fyrste styremøte med det nye styret på nyåret.

Innspel frå styret om representantskapet i den komande perioden:

Styret ber om at det blir fremja ei sak for representantskapet i løpet av fyrste året, om at valnemnda også skal fremje forslag på leiar i representantskapet.

Informasjon til representantskapet er ønskt sendt ut til nytt representantskap.

DR 5/15 Styre sine røynsler med strategiplanen

PS 77/15 Orienteringar

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 27.11.2015

Handsaming:

- Forhandlingar med Sira-Kvina kraftselskap.

Dagleg leiar orienterte om status i forhandlingane med Sira-Kvina kraftselskap.

Det er nedsett eit forhandlingsutval, med Aasmund Lauvdal frå Aust-Agder, Inge Hurv frå Vest-Agder og Årstein Løland frå Rogaland. Neste møte er fastsett 10. desember 2015.

- Kontraktforhandlingar med Agder Energi Vannkraft

Dagleg leiar orienterte.

Agder Energi Vannkraft har gjeve tilbakemelding at dei ønskjer å ha med i avtalen for 2016 at dei er ueinige i prisspørsmålet i Mandalsvassdraget. KIKS har gjeve tilbakemelding om at dette ikkje er aktuelt, men har ikkje fått svar frå Agder Energi på siste e-post.

Dagleg leiar held styreleiar orientert om framdrifta.

- Lønsoppgjeret 2015

Dagleg leiar orienterte.

- Eigardelar i selskapsavtalen

Dagleg leiar orienterte om eigardelane i selskapsavtalen slik dei ligg føre nå.

Ved utsending av innkalling til representantskapet skal stemmefordelinga leggst ved.

Orienteringssaker

OS 9/15 Orientering status Agder Energi Vannkraft AS

OS 10/15 Status og framdrift november 2015-orientering styret

OS 11/15 Lokalt lønnsoppgjer 2015

PS 78/15 Økonomiplan 2016-2019-Budsjett 2016

Dagleg leiar tilrår:

Framlagde budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 vert vedteke.

Framlagde prognose for utbetaling av overskott 2016 vert vedteke.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 27.11.2015

Handsaming:

Dagleg leiar orienterte.

Rådgjevar med ansvar for krafthandel orienterte.

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Framlagde budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 vert vedteke.

Framlagde prognose for utbetaling av overskott 2016 vert vedteke.

PS 79/15 Forbruk til alminneleg forsyning-endring av praksis og verknadstidspunkt

Dagleg leiar tilrår:

Forbruk til alminneleg forsyning skal reknast ut på bakgrunn av NVE sitt rundskriv frå 2001.

Naudsynt korrigerering av forbrukstal skal gjerast gjeldande frå 1/1 2015.

Utbetalingsprognose 2015/2016 Sirdal og Kvinesdal kommunar skal endrast dersom korrigeringa ikkje kan salderast mot avsetjing til reservekapital.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 27.11.2015

Handsaming:

Dagleg leiar orienterte.

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Forbruk til alminneleg forsyning skal reknast ut på bakgrunn av NVE sitt rundskriv frå 2001.

Naudsynt korrigerering av forbrukstal skal gjerast gjeldande frå 1/1 2015.

Utbetalingsprognose 2015/2016 Sirdal og Kvinesdal kommunar skal endrast dersom korrigeringa ikkje kan salderast mot avsetjing til reservekapital.

PS 80/15 Endring i møtegodtgjeringar for styret og representanskap

Dagleg leiar tilrår:

Ein endrar møtegodtgjeringane fylgjande:

- Styreleiar får eit årleg styreleiarhonorar på kr 70.000,-. Dette inkluderer møtegodtgjeringar både for styremøte og representantskapsmøte.
- Møtegodtgjering for representantane i representantskapet fell bort.
- Representantskapsleiaren får kr 5000,- per møte.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 27.11.2015

Handsaming:

Framlegg frå Arne Austenå:

- Styreleiarhonoraret endrast til 50.000,-. Resten av tilrådinga uendra.

Tilråding, med endringa som fylgjer av i framlegget, blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Ein endrar møtegodtgjeringane fylgjande:

- Styreleiar får eit årleg styreleiarhonorar på kr 50.000,-. Dette inkluderer møtegodtgjeringar både for styremøte og representantskapsmøte.
- Møtegodtgjering for representantane i representantskapet fell bort.
- Representantskapsleiaren får kr 5000,- per møte.

PS 81/15 Konkurransgrunnlag ved innkjøp av revisortenester

Dagleg leiar tilrår:

Vedlagte konkurransegrunnlag blir vedtatt.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 27.11.2015

Handsaming:

Juridisk rådgjevar orienterte.

Framlegg frå administrasjonen:

Administrasjonen får fullmakt til å utforme ein standard revisjonsavtale, og legge denne ved konkurransegrunnlaget ved oversending til representantskapet for avgjerd.

Tilråding med framlegg blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Vedlagte konkurransegrunnlag blir vedtatt.

Administrasjonen får fullmakt til å utforme ein standard revisjonsavtale, og legge denne ved konkurransegrunnlaget ved oversending til representantskapet for avgjerd.

PS 82/15 Endring av arbeidsavtale

Styreleiar tilrår:

Endring i arbeidsavtale med dagleg leiar Arne Tronsen vert vedteke.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 27.11.2015

Handsaming:

Representantskapsleiar Reidar Saga var til stades under handsaminga av saka.

Tillegg til saken, nytt avsnitt:

Styret starter prosess med tilsetting av ny daglig leder umiddelbart og ber om bistand til praktisk gjennomføring fra Aust-Agder fylkeskommune eller Vest-Agder fylkeskommune. Som tilsettingsutvalg oppnevnes:

Gro Anita Mykjåland

Jon Rolf Næss

Terje Damman

Tilsettingsutvalget innstiller overfor styret.

Både tilleggspunktet og innstillingen var begge enstemmige.

Vedtak:

Endring i arbeidsavtale med dagleg leiar Arne Tronsen vert vedteke.

Styret starter prosess med tilsetting av ny daglig leder umiddelbart og ber om bistand til praktisk gjennomføring fra Aust-Agder fylkeskommune eller Vest-Agder fylkeskommune. Som tilsettingsutvalg oppnevnes:

Gro Anita Mykjåland

Jon Rolf Næss

Terje Damman

Tilsettingsutvalget innstiller overfor styret.